



Saksmappe: 2025/755
Sakshandsamar: ALI
Dato: 07.04.2026

SAKSFRAMLEGG

Utv.saksnr	Utvalg	Møtedato
54/26	Planutval	13.04.2026

Planprogram for kraftkrevjande næring, Nordbygdi

Kommunedirektøren si tilråding:

Planutvalet tek planprogram for kraftkrevjande næring, Nordbygdi til følgje og godkjenner oppstart av detaljreguleringsplanar for Holsmoen og Bykilsmoen med formål om å leggje til rette for kraftkrevjande næring.

Planutval si handsaming av sak 54/2026 i møte den 13.04.2026:

Handsaming

Kommunedirektøren si tilråding blei samrøystes vedteke

Vedtak

Planutvalet tek planprogram for kraftkrevjande næring, Nordbygdi til følgje og godkjenner oppstart av detaljreguleringsplanar for Holsmoen og Bykilsmoen med formål om å leggje til rette for kraftkrevjande næring.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Bykle kommune ynskjer å sette i gong eit arbeid med detaljregulering av to areal avsett til næringsverksemd for kraftkrevjande industri. Dei to aktuelle areala er Holsmoen og Bykilsmoen sør i Bykle kommune.

Det er utarbeidd eit felles planprogram for begge planområda, men dei vil få kvar sin planID; Bykilsmoen – 202505 og Holsmoen – 202506.

Reguleringsarbeidet vil leggje til rette for næringsaktivitet som kan nytte seg av nærleiken til kraft. Dette vil vere i tråd med kommuneplanens samfunnsdel og arealdel. Vedlagte planprogram gjev meir informasjon om planarbeidet og ramane for dette.

Formelt grunnlag / Saksgang

Plan- og bygningslova § 12-8

[Delegeringsreglement](#) for Bykle kommune

Tilhøve til kommuneplanen

Eit større areal er tatt med som analyseområdet for planarbeidet for å få ein heilheitleg vurdering av etablering av tiltak. Innanfor analyseområdet er dei to planområda definert med utgangspunkt i næringsareal avsett i gjeldande arealdel. Planområda ligg i all hovudsak innanfor areal avsett til næringsverksemd i kommuneplanens arealdel. Areal som ikkje er næring er LNFR eller annan bebyggelse i kommuneplanen.

Konsekvensutgreiing

For reguleringsplanar som kan få vesentlege vakningar for miljø og samfunn, skal planbeskrivinga gi ein særskilt vurdering og beskriving– konsekvensutgreiing av planens verking for miljø og samfunn, jf § 4-2.

Kva for planar som er omfatta av krav til konsekvensutgreiing går fram i forskrift om konsekvens utgreiing §§ 6 og 8. Forskrift om konsekvensutgreiing § 6 første ledd bokstav b seie at reguleringsplanar som omfattar tiltak i vedlegg I skal konsekvensutgreiast. Det er vurdert at tiltaket omfattar vedlegg I punkt. 24 “Næringsbygg, bygg for offentleg eller privat tenesteyting og bygg til allmennyttige formål med et bruksareal på meir enn 15 000 m²”.

Samla vurdering:

Vedlagte planprogram omtalar naudsynte forhold om detaljregulering av de to områda.

Kommunedirektøren tilrår at planprogrammet takast til følge og sendast på høyring, samt at det godkjennast at planarbeidet kan settast i gong.

Bykle, 01.04.2026

Kommunedirektør

Vedlegg:

- 1 Planprogram - kraftkrevjande næring Nordbygda

Melding om vedtak blir sendt til: